

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gyslebö

Emne: Brynet.

Bygdelag:

Oppskr. av: Erik Skjævesland

Gard: Skjævesland

(adresse): Gyslebö

G.nr. 82 Br.nr. 8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bröyne, eit. Å bröyne. Heiv ukjend i bygdi.
2. Bryne av kunststein (karbوندum) mest brukt, då dei riv best. Men br. av naturstein er og i bruk. For ein 40 år sidan berre br. av naturstein. Her ikkje høyrst um naturleg forkomst her. I gammal tid var det vanleg at sume ^{med kyrkjene} mottle upp og selde gøsse ting. Helst slikt som dei laga sjölv. T. d. gjæ, øksar, knivar, bjoller, liner, bek o. s. v. Rimelig br. og var med. Slike handel heldt seg upp mot dette årh.
3. Alle grovare reidskap blir slipt på runde slipestein og brynt etterpå. Er verkty, t. d. høveltenner like utskjemde, blir berre nytta bryne. Barberknivar og finare huskjerarjern blir berre brynt.
4. Det finst forteljing um ei tid dei ikkje slipte gjær, men nytta lange bryner - kring 1 ale. Truleg same bryning av sigd. Skiftet kan ikkje tidfestast her. Men det må vera lang tid sidan dei fyrst tok til med runde slipestein. Tynsteljærne måtte truleg vera av lausare material, kan skjje berre jern.
5. Bruk av sennestein kjenner eg ikkje til. Høvelt. brynast på liggjande brynestein. Helst snekharar

2

Små slipesteinar tok dei med seg ut i skogslåttene. Lume hadde slipestein liggjande der. I heimejardet og i skrapelåttene heime lite brukt å ta med seg slipestein. Det kunde einast vera på hardbeitar, fjnnslåttar og slåing på åland (ved elvekant) der det var sand i botnen frå flaumar. Elles var det sliping heime kveld eller morgon, og um det hongst når folk var heime og fekk seg mat.

6. Når ljæns blir for rund i eggern må han slipast. Slike runding av eggern kallast bröymelunnⁱⁿⁿ. I skogslåttar, når det var slåing på myr, kunde dei ofte brukar same ljæns mest heile dagen, når dei nytta strugestikke - sjå nedanfor. I steinslåttar og elles på hardbeitte stader måtte dei ofte bytast ljæ i same økti. Elles skilde det mykje kor flink slåttkaren var til å unngå stein og skjemma og kor gode dei var til å bryna.

7. For var det vanleg at folk nytta strugestikke (strygestikke, *is*) og brukast enno av eldre folk. Slike strygestikker laga dei av gamal sköyr eller möyr eik. Ofte hadde dei treet liggjande lenge og mørkna, ofte medgrave i sand eller mold. Det var for at treet skulde bli noko lausare (poröst) i veden. Strygestikka hadde dei fin sand på og gneid denne godt inn med brynet. Stikka kunde då nytast lenge utan ny sanding. Slike strygestikker for svært lempelig med ljæggern, og bitet var betre enn etter bryne. Blei ljæns noko utskjemd, slik at han måtte ha ei noko grundig oppskjering med bryne, nytta dei strygestikka etterpå for å få fin egg. Stikkene blei laga heime og var ofte nokro forseggjorde. Same

slikka blei brukt i mange år.

8. Ljåen tek ein av orvet når han skal slipast. Fustegeirane var fôr i ca. 1cm. breid lerreim som blei sveipt rundt ljåfestet: kjode (kjødet, eit) og orvet og bløya til uppe og nede med ein tubløy, s. k. jåspöde (ljåspöle, ei). I seinare tid er fabrikk laga ljåkrur nytta i staden. Dei fleste held ljåeggen frå seg slik at slipeskeinen sving mot eggen. Summe likar betre å halda eggen til seg. Kanskje steinene riv noko mindre då og eggen blir finare: mindre skarpt.

9. Ein snur upp ned på orvet og held ljåen under venstre arm. Held um ljåen med gripen ut mot spissen og flytjer handi innover eller kvart ein byner. Sluttorv brukast ikkje her.

10. Eg kjemmer ikkje til at bynehopp her vore brukt her, men derimot i dei övre bygder i Marnardalen. Mange spyttar på brynet. Um det ein gong i tid kan ha havt magisk tyding, veit eg ikkje. Jft. når dei hadde beitemakk (mekemakk) på fisketokken og spyttar på.

11 og 12. Fäll burt.

13. Sjå sp. 10. Olje berre på verktygbryner til snikkar- og tuskjerarbruk og til barberknivar. Sand på slykestikkene som nemnt ovanfor. Fabrikk laga tuskikker med sand eller karbonundum limt på er like brukt.

14. Kjemmer ikkje noko namn på brynemjølet. Men det som loonar på slipeskeinen under sliping og blandar seg med slipevatnet kallar ein slibegrud (slipegrut).

15 og 16. Kjenner ikkje til dette.

17. Slipeskeinar som var for harde grov dei stundom ned i jordi. Dei forvitra då noko, slik at dei blei lausare: kom meir slipesgrut. Like eins med bryne.

18. Kjenner ikkje til det. So mangt er mest helt gløymt. - Hadde det vare for 25 eller 50 år sidan - å du verden!

19. Veit ikkje.

20. Ein god slättekar hadde ein eigen fast taket når han brynte, mest som versjöter, som det måtte vera lett å setja ord til. Ein kunde høyra på bryningi kva mannen dugde til. Når kvinnfolk, born og slike som ikkje var fullgode slättefolk klatta og brynte, vart det shaks ein annan og ustödare lyd. Ein samtale som t.d. 18 måtte då kunne koma i gang.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

311